

## Lyst å byrja i 4H ?



**KVEN:** Dersom du fyller 10, 11 eller 12 år i 2025 og bur på Hognestad, Undheim, Lye, Bryne/Rosseland kan du vera med oss på nissefest og samtidig byrja i Vibå 4H!

**NÅR:** Tysdag 3. desember kl 18:30-20:00.

**KOR:** Me skal vera på **Jærmuséet**.

**MAT:** Det blir servert graut og saft.

**PAKKE:** Ta med ein pakke (snopeting) til ca 30 kr, så får alle ein pakke av nissen!

**Ta med nisselua og gåve til 30 kr (snop) og kom! Me gler oss til å sjå deg!**

Bli med å sjå om 4H er noko for deg.  
Foreldre er sjølvstøtt også velkomne til å vera med oss om dei ynskjer!



Lurer du på noko? Allergiar? Noko me bør vita om?

Ta gjerne kontakt med ein av klubbbrådgjevarane:

- Elin Fuglestad: 47663613
- Brynhild Stokka Andersen: 97670373

Helsing styret og klubbbrådgjevarane

## Kva er 4H?



4H arbeider for at me skal:

- Vera flinkare å bruka hovudet.
- Få meir omtanke for andre menneske, dyr, planter og miljøet vårt.
- Vera flinkare i praktisk arbeid.
- Ta vare på helsa vår.

Om du fyller 10, 11 eller 12 år i 2025, kan du byrja i 4H.

Vibå 4H held til i klubbhuset på Hognestad og er for dei som bur på Hognestad, Lye, Undheim og Bryne/Rosseland. Me har klubbmøte ca 1 gong i månaden. Det er på tirsdagar, vanlegvis frå kl 19-20:30. Me brukar spond for å kalle inn til møta og gje beskjed om klokkeslett og oppmøte sted. På møtene gjer me mykje forskjellig, både inne og ute. Nokre gonger er me på tur/leir.

Fyller du 10 eller 11 år i 2024, er du aspirant. Deretter blir du junior og senior (12-åringane startar som junior). Me har medlemmar frå 9-18 år.

Kvart år vel du deg eit prosjekt som du vil læra litt meir om. Prosjektet kan vera mykje forskjellig. For eksempel kan ein velja å baka, å vera ute i naturen eller på garden, forming og fantasi, husdyr eller du kan laga ditt eige prosjekt. Her er det nesten berre fantasien som set grenser!

I 4H har me som motto å læra ved å gjera. Prosjektet blir registrert på ei nettside (i staden for oppgåvebøkene som vart brukt før), og her kan ein skriva eller leggja inn bilete som viser koss det går i arbeidet ein gjer.

**Me vil ha eit foreldremøte med info om 4H og prosjektløysing på klubbhuset på Hognestad på nyåret.**

4H er ein medlemsstyrt organisasjon, det er difor medlemmar i klubben som sit i klubbstyret. Dei vaksne som er med fungerer som veiledarar og vert kalla for klubbrådgjevarar.

Du kan finna meir informasjon om 4H og kva 4H er på: [www.4h.no](http://www.4h.no).

Meld deg inn på: [www.4h.no/blimed/](http://www.4h.no/blimed/). Bli også med i gruppa vår på facebook: Vibå 4H. Her vert det lagt ut info om klubbmøter og alt det kjekke me gjer.

På kvart 4H-møte seier me 4H-løftet:

**“ Eg lovar å arbeide mot det mål å verte ein ungdom med: klart Hovud,  
varmt Hjarta, flinke Hender og god Helse ”**

Velkommen i Vibå 4H!